

Dagens klima- og breforsking

– med røter tilbake til dei første breforskarane



AV ATLE NESJE

Høgare temperaturar, minkande brear, mindre sjøis i Arktis¹ og stigande globalt havnivå på grunn av smelting av is på land, har gjort studiar av brear, iskapper og innlandsisane på Grønland og i Antarktis meir aktuelle enn tidlegare.

Ein omfattande studie publisert i *Nature* i 2019 syner at isbrear rundt om på kloden smeltar 18 prosent raskare enn i ein tilsvarande studie frå 2013, og at om lag 369 milliardar tonn med snø og is kvart år smeltar frå brear.

Mellan 1971 og 2017 steig lufttemperaturen i Arktis med 2,7 grader, noko som er 2,4 grader raskare enn temperaturstigninga på resten av den nordlege halvkula. I perioden 2003–2010 bidrog smelting av landis i Arktis til heile 48 prosent av den globale havnivåstigninga.² Det same studiet syner at det i Alaska har vore ei temperaturstiging på over 2 grader i dei øvste 10–20 metrane av permafrosten. Den årlege nedbøren i Arktis har auka med nesten 7 prosent, og snødekket har vorte redusert med 30 prosent sidan 1971.

I seinare tid har det vorte aukande interesse i Noreg for forsking både på småbrear og innlandsisane på Grønland og i Antarktis, både for å forstå klimaendringar i fortid, notid og framtid, og ikkje minst for å lage mest mogleg presise prognosar for havnivåendringar i framtida. Dei seinare åra har det vore ein vekst i talet på bre- og isforskarar i Noreg, med stadig fleire yngre forskarar.

Breane i Noreg


Gjennom 40–50 istider dei siste om lag 2,6 millionar åra, har brear og innlandsisar forma det norske landskapet. Brear er dessutan ein god klimaindikator på grunn av at dei både endrar seg i masse og volum, samt i utbreiing og areal. Dette er hovudsakleg som eit resultat av variasjonar i vinternedbør og sommartemperatur.

På det norske fastlandet dekkjer brear og fleirårig snø 0,7 % av det samla landarealet på om lag 2692 km². 57 prosent av brearealet ligg i Sør-Noreg. Det er i Noreg totalt 2534 brear (3143 bre-einingar³), fordelt på 1282 i Nord- og 1252 i Sør-Noreg. Jostedalsbreen er den største breen på fastlandet i Europa, med 473,75 km². Dei førti største breane i Noreg dekkjer eit areal på 1765 km² (65,5 % av det totale brearealet i Noreg, tabell 1). Om lag ein tredel av breane er i storleik 1–5 km².

I Noreg er breane ein viktig energiressurs der store vasskraftverk ligg i breområde, samt at brear gjev vatn til elver og jordbruksland gjennom tørre somrar. Det er eit fascinerande element i norsk natur, og trekkjer til seg mange norske og utanlandske turistar kvart år. Breturar til fots og på ski har auka i omfang dei seinare åra.

Bremålingar

Dei første bremålingane på fastlandet i Noreg og på Svalbard, fokuserte på endringar i brefrontane si plassering, framstøyt og tilbakesmelting. Seinare kom studiar av breane



BRIKSDALSBREEN

Foto: Sigbjørn Myklebust (1993-1997), Ove Brynestad (2001-2003), Kurt Erik Nesje (2004), Alfie Nesje (2005-2017), Andreas Nesje (2018)

19

sin massebalanse, dvs. endringar i masse og volum til breane. Seksjon for bre, is og snø, Hydrologisk avdeling, NVE, utfører årlege målingar av frontposisjon/lengde-endringar. I 2017 omfatta målingane 37 brear; 26 i Sør-Noreg og 11 i Nord-Noreg (figur 3). Avstanden til brefrontane vert målt frå eitt eller fleire fastpunkt, vanlegvis i månadsskiftet september/oktober. Resultata vert publiserte i rapportserien *Glaciological Investigations in Norway*. På grunn av at nokre brear har smelta mykje tilbake, spesielt etter 2000, har ein måtte slutte å utføre frontmålingar på nokre av breane fordi det har blitt for vanskeleg og farleg. Målingane av fronten til Briksdalsbreen vart til dømes avslutta i 2015 etter 115 år med kontinuerlege målingar. Sidan frontmålingane starta i 1899, er det målt endringar i frontposisjon på 73 brear.

Massebalanse og transport av sediment

Tidleg på 1960-talet kom det opp fleire planar om å bygge kraftverk i bredekte vassdrag i Noreg, og det vart difor sett i verk massebalansemålingar på fleire brear i tillegg til studiar av sedimenttransport i breelvar. Studiar av sedimenttransporten var viktig for å berekne slitasjen på turbinane og oppfylling av sediment i vassmagasina. I 2017 vart det utført massebalansemålingar på 15 brear i Noreg, tolv i Sør-Noreg

Fig. 1 | Foto av Briksdalsbreen, ein utløpsbre frå Jostedalsbreen, mellom 1993 og 2018. I denne perioden har brefronten trekt seg tilbake meir enn 800 meter. Namna på fotografanane står nedst på figuren.

og tre i Nord-Noreg. Desse målingane vert òg publiserte i rapportserien *Glaciological Investigations in Norway* (Glasiological undersøkelser i Norge).

NVE har og kartlagt utbreiinga til dei norske breane ved hjelp av satellittbilete. I 2012 vart det gjeve ut eit atlas over norske brear med oppdaterte tal for brearealet i Noreg.

Bretjukkleik og jøkulhlaup

Ved hjelp av breradar (sender og mottek elektromagnetiske bølgjer) er det blitt gjort målingar av bretjukkleik for mange av dei store breområda i Noreg. Ved å kombinere posisjonsdata, høgdedata og terrengmodellar har ein rekna ut avstanden til underlaget og dermed bretjukkleiken. I tillegg utfører NVE spesielle undersøkingar og deltek i fleire nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt. NVE sine bredata vert rapportert til *World Glacier Monitoring Service* (WGMS) i Sveits og *Global Land Ice Measurements from Space* (GLIMS).

NVE driv dessutan studiar av jøkulhlaup, som er plutselige tappingar av smeltevatn frå brear. I 2014 publiserte NVE ein oversikt over jøkulhlaup i Noreg og kvar slike hendingar potensielt kan skje i framtida. I Noreg er det to subglasiale (under breen) laboratorium; eit under 160 meter med is under Bondhusbrea, ein utløpsbre frå Søndre Folgefonna, og det andre under Engabreen, ein utløpsbre frå Vestre Svartisen. Begge laboratoria vart bygde med det formålet å gjere studiar av mellom anna smeltevatnet si drenering under brear i samband med kraftutbygging i bredekka nedbørfelt.

MASSEBALANSEMÅLINGAR

Massebalansemålingar går ut på å måle kor mykje masse brear mottek i vinterhalvåret (akkumulasjonssesongen) og kor mykje masse som smeltar vekk den etterfølgjande sommaren (ablasjonsesongen). Massen vert rekna om til meter vasskvivalentar fordelt på breen sitt areal. Dersom ein bre vert tilført meir masse enn det som smeltar vekk, er massebalansen positiv. Han er negativ dersom ein bre misser meir masse enn det vert tilført gjennom balanseåret, som går frå 1. oktober til 30. september året etter. Massebalansen er summen av akkumulasjon (tilførsel av masse) og ablasjon (smelting/massetap). Massebalanseseriane til NVE omfattar vinter- og sommarbalanse, samt årleg (netto-) balanse. Dersom vinterbalansen er større enn sommarbalansen, aukar massen (positiv massebalanse), men dersom ablasjonen er større enn akkumulasjonen, er massebalansen negativ, og brevolumet minkar. Massebalansen har vore målt på 43 brear i Noreg sidan dei første målingane starta på Storbreen i Jotunheimen i 1949.

Desse laboratoria gjer at forskarar mellom anna kan studere drenering på undersida av breen, trykk under breen, brerørsle og utvikling av sprekkar i berggrunnen under breen.

Moderne bre- og klimaforsking

Moderne breforskning omfattar ofte geofysiske målingar og modellsimuleringar (overflate- og botntopografi, istjukkleik, massebalanse, dynamisk modellering), brehydrologi (observasjonar og modellering), og samspelet/tilbakekopplingar mellom vær/klima og brear sin massebalanse og dynamikk. Den største aktiviteten er knytt til koplinga mellom klima og brear/innlandsisar og korleis dette kan påverke havnivåendringar i framtida. Norske klima- og breforskarar har også vore medforfattarar og bidrege til rapportane fra FN sitt klimapanel (IPCC).

Arven etter Nansen


Arven etter Nansen er eit seksårig prosjekt, eit samarbeid mellom ti sentrale forskingsmiljø i Noreg. Fridtjof Nansen (1861–1930) starta si forskarkarriere i Bergen. Han utdanna seg til zoolog ved Bergens Museum i perioden 1882–1887. Dei to første vitskaplege arbeida hans, samt doktorgraden fra 1888, var resultat av dei vel 5 åra som konservator ved museet. Prosjektet har som mål å utvikle heilskapleg forståing av prosessar i eit arktisk klima- og økosystem i rask endring. Denne kunnskapen skal gje grunnlaget for ei berekraftig forvalting i Arktis. Dette skal føre til auka sikkerheit i værvarsling og varsling av istilhøve, bølgjer og ising og slik sikre trygg navigasjon og operasjon i nordområda. *Arven etter Nansen* skal styrke nasjonalt samarbeid og ei betre utnytting av kunnskap, utdannings- og forskingsressursar. Prosjektet har også som mål å formidle kunnskap til publikum, og bidra til rekrutteringa av ein ny generasjon polarforskarar. Slik skal Noreg ta ansvar og leiarkap for forsking og forvalting i Arktis.

Prosjektet samlar over 140 forskarar frå 10 norske forskingsinstitusjonar⁴, og omfattar aktuelle disiplinar innan oseanografi, fysikk, biologi, kjemi så vel som geologar, glasiologar og ingeniørar. Prosjektet har ei budsjettetråme på 740 millionar kroner.

Kva hender om sjøisen i Arktis minkar?

Det femårige prosjektet *Arctic Sea Ice and Greenland Ice Sheet Sensitivity (ice2ice)*⁵ som vert avslutta i 2019, undersøkjer kva som kan skje med innlandsisen på Grønland dersom sjøisen i Arktis minkar eller forsvinn heilt. Ei hovudhypotese er at det arktiske og sub-arktiske sjøisdekket er viktig for tidelegare

Fig. 2 | Endringar i sjøisdekket i Arktis mellom 1984 og 2016. Illustrasjon: NASA.






Fig. 3 | Kart som syner norske brear der det vert utført frontmålinger. Frå Kjellmoen (2018).

og framtidige temperaturendringar og brevariasjonar på Grønland. I *Ice2Ice* blir forskinga utført av komplementære forskarteam frå ulike forskingsmiljø, ved å beskrive naturen og omfanget av dei observerte, brå hendingane på tvers av klima-arkiv. Prosjektet har vidare som mål å forstå mekanisme bak rask minking av sjøisarealet og identifisere risikoen for at den pågående, hurtige reduksjonen av det arktiske sjøisdekket kan føre til brå endringar i framtida. Samla skal prosjektet bidra til at vi betre forstår konsekvensane av slike endringar for innlandsisen på Grønland, samt for det regionale, arktiske og globale klimaet.

Korleis utviklar breane seg?

Gjennom *Investigating the future evolution of Norwegian glaciers and hydrological impacts (EvoGlac)* (2016–2019) arbeider forskarar med å få ei betre forståing av utviklinga av isbrear og bredekte nedbørfelt i framtida. Ein massebalansemodul har blitt utvikla for brear. Denne modulen samhandlar både med atmosfæren og jordoverflate-/hydrologi-komponentane, der ein fysisk basert snømodul er innarbeidd i eit kopla, dynamisk atmosfære-hydrologi-modelleringssystem. Den nye, integrerte atmosfære-isbre-hydrologi-modellen har blitt testa på Hardangerjøkulen. Modellen gjev meir nøyaktige data for massebalansen på brear samanlikna med den tidlegare versjonen av modellen som ikkje bestod av ein isbremodul.

Det har òg blitt auka interesse for breane si utforming av landskapet kopla til fagområda geomorfologi (landskapsutvikling), kvartærgeologi og paleoklima (fortidsklima). Universiteta i Bergen, Oslo og Tromsø, samt fleire fagmiljø i Bergen (NORCE Uni Research Klima, Nansen senter for miljø- og fjernmåling, Bjerknessenteret for klimaforskning i Bergen, Universitetssenteret på Svalbard (UNIS), Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) og Norsk Polarinstitutt har i dag dei tyngste fagmiljøa innan kvartærgeologisk og glasiologisk forsking.

Troll-stasjonen i Antarktis har gjort det mogleg å gjere moderne glasiologisk forsking og deltaking i internasjonale prosjekt. *Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimaviten* i Fjærland bidreg til formidling av glasiologifaget.

Det internasjonale polaråret (IPY) var i 2007–08, 50 år etter det Internasjonale Geofysiske år (IGY) i 1957–58. Det vart løyvd om lag 300 millionar kroner til dei 28 norske prosjekta, der to av dei omfatta glasiologi. I perioden 2011–16 vart det finansiert eit nordisk Center of Excellence i glasiologi, med fokus på breane rundt Nord-Atlanteren.

Istidsteorien vart til i Noreg

I slutten av april 1824 publiserte den dansk-norske geologen Jens Esmark (1762–1839) (figur 4) ein banebrytande artikkel der han la han fram bevis på at Noreg og Nord-Europa ein gong hadde vore dekta av isbrear på grunn av eit kjølegare klima. Dette skuldast endringar i jordbana, og at isbreane hadde utforma både dalar og fjordar. I den omfangsrike biografien om Jens Esmark «*Istidens oppdager*» (2017) forklarar Geir Hestmark omstenda rundt, og kva som gjorde denne oppdaginga mogleg.

Frå 18. juni 1823 gjennomførte Jens Esmark, saman med studentane hans, Jan Theodor Kielland (1803–1844) og Nils Otto Tank (1800–1864), ei reise frå Christiania langs kysten av Sørlandet, og nordover langs kysten av Vestlandet (figur 5). Frå indre Nordfjord gjekk reisa frå Stryn, langs Oppstrynsvatnet til Hjelle, opp Sunndalen, gjennom Rauddalen og til Ottadalen (Framrusti og Bråtagrendi), vidare sørover Gudbrandsdalen til Mjøstraktene og til slutt tilbake til Christiania. Ved Forsand, i vestenden av Lysefjorden i Ryfylke, observerte dei ein lausmasserygg, lokalt kjend som Vassryggen, som låg på tvers av dalen og som inneheldt ei usortert blanding av sand, grus og store steinblokker (figur 6). Denne ryggen har seinare blitt kalla *Esmarkmorenen*.

59



Fig. 4 | Professor Jens Esmark på sine eldre dagar. Litografi av L. Fehr etter teikning av C. von Plötz. I Hestmark (2017: 225).



Fig. 5 | Reiseruta til professor Jens Esmark og studentane Jan Theodor Kielland og Nils Otto Tank i 1823. Modifisert etter Hestmark (2018).

Då Esmark og følgjet hans seinare på turen gjekk austover gjennom Rauddalen, passerte dei Rauddalsbreen/Sikilbreen som kom ned frå sørsida av dalen. Breen gjekk på den tida tvers over dalen, slik at dei måtte krysse over bretungua. Like vest for ei breelvslette (sandur) i vestenden av Ytste Leirvatnet, observerte dei ein morenerygg avsett av breen under sin maksimale posisjon i «den vesle istida» midt på 1700-talet. Denne likna på lausmasseryggen ved Forsand i Ryfylke. I følgje Hestmark sin biografi var det studenten til Esmark, Niels Otto Tank, som først skjøna samanhengen mellom *Vassryggen/Esmarkmorenen* og moreneryggen framfor Rauddalsbreen/Sikilbreen, og at Noreg dermed ein gong må ha vore dekka av ein stor bre ned til havnivå. Hestmark foreslo derfor å kalle moreneryggen i Rauddalen for «*Otto Tanks morene*». Esmark publiserte sitt arbeid fleire år før liknande arbeid som tok opp spørsmålet om det hadde vore istider eller ikkje. Oppdaginga av istidene er seinare sett på som ei av dei største oppdagingane innan naturvitenskapane.

I 1919 vart *International Union of Geodesy and Geophysics* (IUGG) skipa, men ingen av seks faggrupper under faget geofysikk hadde is og snø i namnet. Så seint som i 2007 fekk IUGG ei sjuande faggruppe; *International Association of Cryosphere Sciences* (IACS), som skulle ta for seg studiar av is og snø. *Norsk Geofysisk Forening* vart stifta i 1917 og då var omgrepet glasiologi knapt brukt i Noreg.

Pionerane

Tidleg på 1900-talet hadde norske forskarar publisert arbeid om brevariasjonar. John (Johan) Bernhard Rekstad (1852–1934) skreiv frå 1900 om bremålingar på Vestlandet og i Jotunheimen. Han byrja i 1899 med brefrontmålingar ved utløpsbrear frå Jostedalsbreen. Rekstad var fødd i Trondenes i Troms, var lærar på Røros, Namsos og på Lillehammer, og var tilsett som adjunkt ved Bergens katedralskole frå 1896 til 1900. Som den første statsgeologen ved *Norges geologiske undersøkelse* frå 1900, gjennomførte han geologiske undersøkingar, særleg på Vestlandet, i Jotunheimen og i Nordland. Han er mest kjend for brefrontmålingane og brestudiar, samt undersøkingar av istidsavleiringar. Han publiserte ei rekke geologiske avhandlingar, 31 av dei i *Bergens Museums Aarbok*. Rekstad var ein ivrig og dyktig naturfotograf, og negativsamlinga hans består av 2962 glasplater og planfilmar.

Fordi det er så mange brear Noreg, kom det tidleg mange oppdagalar og breinteresserte forskarar til Noreg. Svensken Hans Wilhelmsson Ahlmann (1889–1974), hadde sitt faglege hovudfokus på brear, og bør nok reknast som pioneren for

glasiologisk forsking her til lands. Ahlmann var geograf, glasiolog og dessutan diplomat. Han var ein av pionerane innan hydro-glasiologisk forsking, og vart professor i geografi ved Stockholms högskola i 1929. I perioden 1950–1956 var han dessutan Sverige sin ambassadør i Noreg. Han var oppteken av å gjere feltundersøkingar, og våren 1931 leia han ein ekspedisjon til Nordaustlandet på Svalbard. Saman med professor Harald Ulrik Sverdrup, var Ahlmann på Svalbard i 1934 for å undersøke breane på Vest-Spitsbergen. To år seinare, i 1936, gjorde han studiar av Vatnajökull på Island. Vinteren 1939–40 leia han svensk-norske undersøkingar av breane på Grønland, og i 1946 gjennomførte han undersøkingar av breane på Kebnekaise. Ahlmann tok initiativet til ein vitskapleg ekspedisjon til Antarktis mellom 1949 og 1952.

Olav Liestøl vart på slutten av 1940-talet tilsett som professor i glasiologi, med hovudstilling ved Norsk Polarinstitutt og engasjert av Universitetet i Oslo med å undervise i glasiologi og rettleie hovudfagsstudentar. Med støtte frå mellom andre Werner Werenskiold ved Universitetet i Oslo, starta Liestøl opp massebalansemålingar på Storbreen i Jotunheimen. Dette er i dag verdas nest lengste serie med kontinuerlege, årlege massebalansedata, etter Storglaciären i Sverige.

Gunnar Østrem leia det nye brekontoret ved *Norges vassdrags- og energivesen*. Han var ein internasjonal kapasitet på

Fig. 6 | Vassryggen («Esmarkmorenen») i Forsand i Ryfylke. Moreneryggen vart avsett av innlandsisen i ein periode kalla yngre dryas for om lag 12.000 år sidan. Kjelde: http://www.emgs.org.uk/files/mercian_vol13on/Mercian Geologist, volume 16 2004–2007/Mercian 2006 v16 p161 Esmark Vassryggen glaciation, Worsley.pdf



Fig. 7 | Professor Knut Fægri på feltarbeid ved Nigardsbreen. Fotograf: Ukjend. Seksjon for spesialsamlinger, UBB, Bergen.



massebalanse målingar, og skreiv ei lærebok om korleis slike målingar skulle gjennomførast. Han var professor i glasiologi ved Universitetet i Stockholm. På 1980-talet var Olav Liestøl og Olav Orheim tilsette som professor-II ved høvesvis universiteta i Oslo og Bergen.

Kartlav brukt til å datere breane si tilbaketrekking

Botanikar Knut Fægri (figur 7) tok doktorgrad i 1934 på variasjonane til Nigardsbreen og Aabrekkebreen (no kalla Brenndalsbreen), begge utløpsbrear frå Jostedalsbreen, og plantesuksjonar (innvandring av planter) i breforlanda til desse breane med avhandlinga «*Über die Längenvariationen einiger Gletscher des Jostedalsbre und die dadurch bedingten Pflanzensukzessionen.*» Emnet for avhandlinga omfatta både botanikk, geologi og glasiologi. Fægri la grunnlaget for ein ny metode, *lichenometri*, som er aldersbestemming av moreneryggjar ved hjelp av måling av storleiken (diametren) av kartlav (*Rhizocarpon geographicum*), ein av dei første organismane som etablerer seg på stein-/fjelloverflater etter at eit område vert isfritt. Denne metoden vart seinare mykje brukt av professor John A. Matthews ved University of Wales i Swansea, Wales, Storbritannia, til å datere moreneryggjar i breforlanda til utløpsbrear frå Jostedalsbreen og framfor brear i Jotunheimen.

I 1941 berekna Olaf Rogstad, som var hydrolog i NVE, Jostedalsbreen sin tilbakegang basert på avrenning frå breane. På 1930-talet utførte geografen Werner Werenskiold (1883–1961) og geologen Adolf Hoel (1879–1964) breundersøkingar, mellom anna i Jotunheimen, og paleontologen Anatol Heinz publiserte i 1953 om breane sin tilbakegang på Svalbard.

Kva med breane i framtida?

Utanom dei store isskjolda i Antarktis og på Grønland, finst det rundt 215.000 brear og iskapper på jorda, med eit samla brevolym kalkulert til 158.000 ± 40 kubikk-kilometer. I eit studium av Daniel Farinotti og Matthias Huss, publisert i *Nature Geoscience* i 2019, kan havnivået stige mellom 24 og 40 cm dersom alle desse breane smeltar.

Dei 40 største breane i Noreg dekkjer eit areal på 1765 km² (65,5 % av det totale brealet på 2691,8 km²).¹⁰ Andreassen mfl. estimerte i 2015 det totale brevolumentet i Noreg til å vere 257–300 km³.

Norsk klimaservicesenter har estimert ulike scenario for klimaet i Noreg mot slutten av dette hundreåret. På Vestlandet

kan den gjennomsnittlege vinternedbøren verte 115 prosent av dagens normalnedbør (100 prosent), medan den gjennomsnittlege sommartemperaturen rundt år 2100 kan verte 3,5 °C høyare enn dagens normal.

Ved å samanlikne klimadata med data fra bremålingane utførte på norske brear, kan dette føre til at den gjennomsnittlege likevektslina (området på breen der det fell like mykje snø om vinteren som det smeltar i løpet av smeltesesongen) vert i underkant av 300 meter høyare enn dagens gjennomsnittlege likevektsline.

Dersom vi hevar dagens gjennomsnittlege likevektsline med knappe 300 meter, kan likevektslina, sjølv med eit konservativt estimat, ligge høyare enn maksimalhøgda på 95–99 % av alle breane i Noreg. Dette kan bety at berre mellom 5 og 50 km² med brear kan vere att mot slutten av dette hundreåret. Dersom dette klimascenarioet slår til, vil dermed dei norske breane gå ei dyster framtid i møte.

Tabell 1. Dei 40 største breane i Noreg. Data: Andreassen og Winsvold (2012)

| Bre | Areal (km ²) |
|--|--------------------------|
| 1. Jostedalsbreen | 473,75 |
| 2. Vestre Svartisen | 218,73 |
| 3. Søndre Folgefonna | 164,21 |
| 4. Østre Svartisen | 147,65 |
| 5. Blåmannsisen | 87,26 |
| 6. Hardangerjøkulen | 71,28 |
| 7. Okstindbreen | 53,65 |
| 8. Myklebustbreen | 47,67 |
| 9. Øksfjordjøkelen | 38,61 |
| 10. Nordre Folgefonna | 26,43 |
| 11. Sulitjelmaisen | 25,51 |
| 12. Frostisen | 25,48 |
| 13. Harbardsbreen | 24,78 |
| 14. Gihtsejiegna | 23,14 |
| 15. Spørteggbreen | 23,03 |
| 16. Høgtuvbreen | 22,34 |
| 17. Simlebreen | 21,98 |
| 18. Sekke-/Sikilbreen | 21,05 |
| 19. Holåbreen | 18,09 |
| 20. Grovabreen | 17,66 |
| 21. Tindefjellbreen | 17,30 |
| 21. Tindefjellbreen | 17,30 |
| 22. Tystigbreen | 16,48 |
| 23. Smørstabbrean | 15,81 |
| 24. Strupbreen | 14,40 |
| 25. Namnlaus bre sør for Beiardalen | 11,75 |
| 26. Hellstugubreen/Vestre Memurubreen | 11,39 |
| 27. Vestbreen/Fugldalsbreen/Rypdalsbreen | 11,31 |
| 28. Ålfotbreen | 10,90 |
| 29. Jiehkkevárrí | 10,60 |
| 30. Jostefonni | 10,50 |
| 31. Midtre Folgefonna | 10,44 |
| 32. Seilandsjøkelen | 10,10 |
| 33. Fresvikbreen | 9,04 |
| 34. Svardalsbreen | 8,10 |
| 35. Gråsubrean/Grotbrean/Glitterbrean | 8,03 |
| 36. Gjegnalundsbrean | 7,84 |
| 37. Langfjordjøkelen | 7,49 |
| 38. Skogadalsbreen | 7,39 |
| 39. Fornesbreen | 7,32 |
| 40. Veobrean | 6,99 |
| TOTALT: | 1765 |

- Jf. figur 1 og 2
- syner ein førsk studie frå 2019: Box, J.E. m.fl. (2019)
- Bre-eining er eit dreneringsfelt på ein bre. På dei fleste større breane er det fleire dreneringsfelt/bre-einingar på den same breen.
- Deltakande institusjonar er Havforskningsinstituttet, Meteorologisk institutt, Norsk Polarinstitutt, NTNU, UiT Norges arktiske universitet, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetssenteret på Svalbard, Nansensenteret og Akvaplan Niva. I Bergen inkluderer dette prosjektet forskarar frå Bjerknessenteret,UiB, Nansensenteret og Havforskningsinstituttet, sjå arventernansen.com
- Prosjektet er eit samarbeid mellom fire institusjonar i Bergen og København: Universitetet i Bergen, Uni Research, NORCE, Københavns Universitet og Danmarks meteorologiske institutt. Forskningsprosjektet er finansiert med 50 millionar kroner frå EU sitt 7. rammeprogram gjennom Synergy-programmet.
- Som til dømes Venetz (1829), Charpentier (1834), Schimper og Agassiz i (1837)
- På norsk vert omgrepene brukt om studiar av brear, internasjonalhert har omgrepene ei meir omfattande tyding, som inkluderer studiar av snø og is. *International Glaciological Society* (IGS) har derfor også medlemmar av forskarar innan havis og snøskred.
- No Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Fagri vart cand.mag. med faga botanikk, kjemi og paleontologi i 1933
- Andreassen og Winsvold, 2012

Kilder

SIDE 23 — 33

Kvalane under taket

- Arkivet etter Bergens Museum*, Naturhistorisk avdeling, Statsarkivet i Bergen
- Arkivet etter D.C. Danielsen*, Universitetsbiblioteket i Bergen.
- Bergen Museums årbøker, 1885–1948
- Brunchorst, J., Bergens Museum 1825–1900, J. Griegs Forlagspedition, 1900
- International Whaling Commission, www.iwc.int
- Johnsen, Arne Odd, Finnmarksfangstens historie 1864–1905, Aschehoug, 1959
- Museologia Scientifica Memorie, N. 12/2014. <http://www.anms.it/>
- Kalland, Arne, Hval og Hvalfangst på Vestlandet 1600—1910, Novus Forlag, 2014
- Kalland, Arne og Thereza Kuldova, Et hvalskjeletts biograf, Havstrilen, 2011
- Katalog over Dyresamlingen ved Bergens museum, J.D.Beyers Boktrykkeri, 1875
- Tidsskriftet *Naturen*, 1887–1919

SIDE 59 — 70

Dagens klima- og breforskning

- Andreassen, L.M. og Winsvold, S.H. (2012): *Inventory of Norwegian Glaciers*. Norwegian Water Resources and Energy Directorate 2012. 235 sider.
- Box, J.E. m.fl. (2019): Key indicators of Arctic climate change: 1971–2017. Environmental Research Letters, 2019. DOI: <https://doi.org/10.1088/1748-9326/aafc1b>.
- Farinotti, D., Huss, M., Fürst, J.J., Landmann, J., Machguth, H., Maussion, F. og Pandit, A. (2019): A consensus estimate for the ice thickness distribution of all glaciers on Earth. *Nature Geoscience* 12, 168–173.
- Foslie, S. (1935): Statsgeolog John. B. Rekstad Nekrolog og bibliografi. *Norsk Geologisk Tidsskrift* 14, 200–209.
- Hestmark, G. (2017): *Istdagens oppdager. Jens Esmark, pioneren i Norges fjellverden*. Kagge Forlag. 687 sider.
- Hestmark, G. (2018): Jens Esmarks mountain glacier traverse 1823 – the key to his discovery of Ice Ages. *Boreas* 47, 1–10.
- Kjøllmoen, B. (red.), Andreassen, L.M., Elvehøy, H og Jackson, M. (2018): Glaciological investigations in Norway 2017. Report no. 82/2018. 84 sider.
- Orheim, O. (2017): Kapittel 4 – Glasiologi. I: Gullikstad Johnsen, M. (red.): *Norsk Geofysisk Forening 100 år. En samling artikler i anledning foreningens 100-årsjubileum i 2017*, 81–102.
- Zemp, M., Huss, M., Thibert, E., Eckert, N., McNabb, R., Huber, J., Barandun, M., Machguth, H., Nüssbaumer, S.U., Gärtner-Roer, I., Thomson, L., Paul, F., Maussion, F., Kutuzov, S. og J.G. Cogley (2019): Global glacier mass changes and their contributions to sea-level rise from 1961 to 2016. *Nature*. DOI: <https://doi.org/10.1038/s41586-019-1071-0>.

Internettadresser:

- arvenettternansen.com
bjerknes.uib.no
ice2ice.w.uib.no/overview/about/
klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenter/klima-i-norge-2100
nve.no/hydrologi/bre/

SIDE 71 — 81

Naturmangfold

- Bakka, E., Kaland, P.E. 1971. Early farming in Hordaland, Western Norway. Problems and approaches in archaeology and pollen analysis. *Norwegian Archaeological Review* 4, 1–35.
- Fægri, K. 1940. Quartärgeologische Untersuchungen im westlichen Norwegen. II. Zur spätquartären Geschichte Jærens. *Bergens Museums Årbok* 1939–40. Naturvitenskapelig række 7, 1–201.
- Fægri, K. 1943. Studies on the Pleistocene of Western Norway. III Børnlo. *Bergens Museums Årbok* 1943. Naturvitenskapelig række Nr. 8, 1–100.
- Fægri, K. 1954. On age and origin of the beech forest (*Fagus sylvatica* L.) at Lygrefjorden, near Bergen (Norway). *Danmarks Geologiske Undersøkelse II* række 80, 230–249.
- Fægri, K. 1956. Om den pollenanalytiske utforskning av Norge. NAVF's melding for budsjetåret 1954–55. Norges almenvitenstkapelige forskningsråd, Oslo.
- Hjelle, K.L., Kaland, S., Kvamme, M., Lødøen, T.K., Natlandsmyr, B. 2012. Ecology and long-term land-use, palaeoecology and archaeology – the usefulness of interdisciplinary studies for knowledge-based conservation and management of cultural landscapes. *International Journal of Biodiversity Science, Ecosystem Services & Management* 8, 321–337.
- Hjelle, K.L., Halvorsen, L.S., Prosch-Danielsen, L., Sugita, S., Paus, A., Kaland, P.E., Mehl, I.K., Overland, A., Danielsen, R., Høeg, H.I., Midtbø, I. 2018. Long-term changes in regional vegetation cover along the west coast of southern Norway: The importance of human impact. *Journal of Vegetation Science* 29, 404–415.
- Holmboe, J. 1903. Planterester i Norske torvmyrer. Et bidrag til den norske vegetations historie efter den sidste istid. *Vitenskapsseksjonen i Kristiania. Kristiania: Jacob Dybwad*
- Holmboe, J. 1908. Bøgeskogen ved Lygrefjord i Nord-Hordland. *Bergens Museums Aarbog* 13: 3–22.
- Holmboe, J. 1919. Den botaniske ekskursion i Bergens skjærgård etter det 16de skandinaviske naturforskermøte 17de og 18de juli 1916. *Bergens Museums Aarbok* 1917 – 1918, Naturvitenskapelig række 16, 1–31.
- Holmboe, J. 1921. Nytreplanter og ugras i Osebergfunnet. I: A.W. Brogger & H. Shetelig (red.) 1927. *Osebergfundet* 5, 1–78. (Sætrykk 1921).
- Holmboe, J. 1923. En plommosten fra en norsk vikingegrav. *Naturen*, 71–77.

- Holmboe, J. 1929. Funnforholdene botanisk undersøkt. Kvalsundfunden og andre norske myrfund av fartøier. Bergens Museums Skrifter II, 2, 1–7.
- Holmboe, J. 1931. Plantekost i Norge i gammel tid. Selskapet Hovedyrkningens Venners Medlemsgård, hefte 4, 1–18.
- Indrelid, S., Hjelle, K.L., Stene, K. (Eds.) Exploitation of outfield resources – Joint Research at the University Museums of Norway. Universitetsmuseet i Bergen skrifter nr. 32. <http://hdl.handle.net/1956/10072>
- Jessen, K. 1929. Nelden (*Urtica dioica L.*) i Kvalsundfunder. Kvalsundfunden og andre norske myrfund av fartøier. Bergens Museums Skrifter II, 2, 17–23.
- Jørgensen, P.M. (red.) Botanikkens historie i Norge. Fagbokforlaget, 2007.
- Kaland, P.E. 2014. Heathlands – land-use, ecology and vegetation history as a source for archaeological interpretations. PNM, Publications from the National Museum, Studies in Archaeology & History 22, 19–47.
- Krzywinski, K., Fjelldal, S., Solvtedt, E.-C. 1983. Recent palaeoethnobotanical work at the medieval excavations at Bryggen, Bergen, Norway. In: B. Proudfoot (ed.) Site, Environment and Economy. BAR Series 173, 145–169.
- Kvamme, M., Berge, J., Kaland, P.E. 1992. Vegetasjonshistoriske undersøkelser i Nyset-Steggjevassdragene. Arkeologiske Rapporter 17. Historisk Museum, Universitet i Bergen.
- Myking, T., Yakovlev, I., Ersland, G.A. 2011. Nuclear genetic markers indicate Danish origin of the Norwegiana beech (*Fagus sylvatica L.*) populations established in 500–1000 AD. Tree Genetics and Genomes 7, 587–596.

Lofothesten

- Foreslått lesing
- Gro Bjørnstad, Elin Gunby, Knut. H. Røed (2001): Genetic structure of Norwegian horse breeds. Journal of Animal Breeding and Genetics. Blackwell Verlag GmbH (<https://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1046/j.1439-0388.2000.00264.x>)
- Gro Bjørnstad, N.Ø. Nilsen, Knut. H. Røed (2003): Genetic relationship between Mongolian and Norwegian horses? i Animal genetics. Stichting International Foundation for Animal Genetics. (<https://onlinelibrary.wiley.com/doi/full/10.1046/j.1365-2052.2003.00922.x>)
- Trine Boysen (1996): Nordlandshesten. Gunnarshaug AS. Stavanger. (<https://www.nb.no/nbsok/nb/c641bc09bf-4c22a6ce8805c089be207?index=17#0>)
- Laura Bunse (2010): Kun et trekkdyr i jordbruket? Hestens betydning i nordnorsk yngre jernalder. Masteroppgave UiT, Tromsø. Open Access. (<https://munin.uit.no/handle/10037/2519>)
- Birgit Dorothea Nielsen (2011): Lynghesten – en Nordkalott-hest? Fra fossiler til oljekrangle Tromsø: Tromsø museum – Universitetsmuseet. Tromsø. (<https://uit.no/Content/463253/lynghesten.pdf>)
- L.P. Nilssen (1897): Lofothesten. Norsk Landmandsblad nr. 16, 1897.
- Per-Kyrre Reimert (1975): Når kom hesten til Nord-Norge? Glott fra Tromsø museum. 31. Om funn og fornminne i Nord-Norge. Tromsø: (<https://www.nb.no/nbsok/nb/d80172f2f64a64c6bf773c05c24d0a5?index=1#21>)
- Dag Sørli (1976): Øyfolket: bygdebok for Værøy. Værøy bygdeboknemid. Værøy. (<https://www.nb.no/nbsok/nb/c16feef8d-caf02853d492bff31857704?index=1#11>)
- Hans Tilreim (1947): Minner fra Nordland. i tidsskriftet «Våre hester».
- Elling Vatne (2006): Lynghesten: Historie og kultur i nord. Eget forlag. Samuelsberg. (<https://www.nb.no/nbsok/nb/9efc31f74c62919f5664fbda0e6a8d2e?index=1#0>)

Løsfunn fra steinalder

- Trinnøks: Bf_DiA_000962: Svein Skare
 Skafthulloks: Bf_Bn_000876-1: UM ukjent fotograf
 Kolle: Bf_Bn_002919: Ann-Mari Olsen
 Flintdolk: Bf_DiA_003811: Svein Skare
 Skiveøks: Bf_Bn_005519: Ann-Mari Olsen
 Vestlandsøks: Bf_DpA_000083: Svein Skare
 Vespestadøks: Bf_DiA_003739 Svein Skare

Hovlandshagen på Bømlo

- Alsaker, Sigmund 1987 Bømlo – *Steinalderens råstoffsentrum på Sørvestlandet*. Arkeologiske avhandlinger 4, Historisk museum, Universitetet i Bergen.
- Bjørn, Anathon 1921 *Trek av Søndmørs stenalder*. Bergens Museum Aarbok 1919–20. Hist. –antikv. række nr. 4.
- Brøgger, Anton W. 1907 *Norges Vestlands stenalder. Typologiske studier*. Bergens museums Aarbok, 1907, no. 1.
- Brøgger, Waldemar C. 1907 Om de senglaciale og postglaciale nivaforandringer i Kristianiafeltet. *Norges geologiske undersøkelse*, 31.
- Ellingsen, Ellen G. & Breivik, Heidi M. 2012 Anders Nummedal: fra «quasi-nerd» til steinaldernerd. *Primitive tider* nr. 14. s. 47–58.
- Forland, Astrid & Haaland, Anders 1996 *Universitetet i Bergens historie* bind 1, Universitetet i Bergen.
- Fægri, Knut 1944 Studies on the Pleistocene of Western Norway. III Bømlo, *Bergens museums årbok* 1943, naturvitenskaplig rekke, nr. 8. s. 7–100.
- Gjessing, Helge 1920 *Rogalands stenalder*, Stavanger museum, Stavanger.
- Hovland, Karl S. 1994 *Haakon Shetelig. Arkeologen og mennesket*. Alma Mater, Bergen.
- Kaland, Peter Emil 1984 Holocene shore displacement and shorelines in Hordaland, Western Norway. *Boreas*, vol. 13, s. 203–242.
- Kleppe, Else J. 1974 Udgraving af stenalders boplads ved Storemryren. Innberetning i topografisk arkiv, Universitetsmuseet i Bergen.
- Lohne, Øystein 2006 SeaCurve_v1 – Teoretisk berekning av strandforskyvningskurver i Hordaland fra UTM koordinater (excel-ark)
- Nyland, Astrid J. 2016 Bergartsbrudd fra steinalderen. I Berg, Bjørn Ivar (red.) *Bergverk i Norge. Kulturminner og historie*. Fagbokforlaget, Bergen. s. 359–362.
- Shetelig, Haakon 1901 Et bosted fra stenalderen på Bømmeløen. *Bergen Museums aarbog*, no. 5.
- Shetelig, Haakon 1920 En landsænkning under yngre steinalder. *Naturen*, jan.–feb. 1920.s. 28–42.
- Shetelig, Haakon 1922a Gravning paa Uratangen i Hovlands-hagen, Hovland, Bømlo 1921–1922. Innberetning i top. Ark., Universitetsmuseet i Bergen.
- Shetelig, Haakon 1922b *Primitive tider i Norge*. John Griegs forlag, Bergen.
- Vasskog, K. 2006: *Holosen strandforskyving på sørlige Bømlo*. Masteroppgåve, Geologisk institutt, Universitetet i Bergen.

Inn i Naturen

- Byrkjedal, I. og Willassen, E. (2010). «Hundre år siden Michael Sars-Ekspedisjonen». <https://www.uib.no/fg/fse/68566/hundre-%C3%A5r-siden-michael-sars-ekspedisjonen>
- Garnes, Kari og Søndenå, Ola (2009). Prosjektrapport Faghistorisk dokumentasjonsprosjekt. Bergen: UiB Naturen. Illustrert månedsskrift for populær naturvitenskap. 1877–2019.
- UiB. Kunnskap som former samfunnet. Hav, liv, samfunn/Strategi 2019–2022. Bergen: UiB.